

Prop. 72 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester

*Tilråding fra Utenriksdepartementet av 12. februar 2010,
godkjent i statsråd samme dag.
(Regjeringen Stoltenberg II)*

1 Bakgrunn

Ved EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 ble vedlegg XVIII om helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn, til EØS-avtalen endret. Endringen ble gjort for å innlemme rådsdirektiv 2004/113/EF av 13. desember 2004 om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester.

Beslutningen i EØS-komiteen ble fattet med forbehold om Stortingets samtykke til godkjenning, da gjennomføringen i norsk rett nødvendiggjør lovvedtak, jf. Grunnloven § 26 annet ledd.

EØS-komiteens beslutning og uoffisiell norsk oversettelse av rådsdirektiv 2004/113/EF følger som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Generelt om direktivet

De grunnleggende menneskerettigheter nedfeller rett til likhet for loven og beskyttelse mot diskrimi-

nering av alle mennesker. Formålet med direktivet er å bekjempe forskjellsbehandling på grunn av kjønn ved tilgang på varer og tjenester.

Rådsdirektiv 2004/113/EF er et likestillingsdirektiv som gjelder utenfor arbeidslivets område. Direktivet gir regler om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester. Kommisjonen fremmet 5. November 2003 forslag om et nytt likestillingsdirektiv, men direktivforslaget møtte mye motstand. Et revidert direktivutkast ble vedtatt av Rådet 13. desember 2004.

Hjemmel for direktivet er EF-traktaten artikkel 13, hvor Kommisjonen kan fremme forslag som forhindrer diskriminering basert på blant annet kjønn, rase og religiøs oppfatning. EF-traktaten artikkel 13 har ikke noen parallell i EØS-avtalen og det har vært et spørsmål om direktivet er EØS-relevant. EU har tidligere vedtatt to direktiver med hjemmel i artikkel 13. Dette er rådsdirektiv 2000/78/EF om forbud mot diskriminering i arbeidslivet og rådsdirektiv 2000/43/EF om forbud mot diskriminering på grunn av rase eller etnisitet.

Norge var for innlemmelse, men Island og Liechtenstein var imot av økonomiske og prinsipiell-

Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester

le grunner. Direktivene er således ikke en del av EØS-avtalen i dag. Imidlertid er det enighet blant EØS-statene om at direktiv 2004/113/EF er EØS-relevant da likebehandling av kvinner og menn er dekket av EØS-avtalen.

3 Nærmere om direktivet

Direktivet kommer til anvendelse på alle personer som leverer varer og tjenester som er tilgjengelige for offentligheten, både privat og offentlig sektor, og som tilbys utenfor privat- og familielivet. Direktivet kommer bare til anvendelse på forsikringer og pensjoner som er private og frivillige og uavhengig av ansettelsesforhold. Direktivet kommer ikke til anvendelse på media, reklame eller utdanning eller ved ansettelse eller erverv.

Direktivet nedfeller et forbud mot diskriminering. Begrepet diskriminering omfatter direkte og indirekte diskriminering, trakassering og instruks om å diskriminere. Direktivet gir adgang – men ikke plikt – til positiv særbehandling som skal motvirke eller kompensere for ulemper på grunn av kjønn. Videre skal medlemsstatene innføre vern mot gjengjeldelse for personer som fremmer klager over brudd på rettighetene etter direktivet.

Prinsippet om delt bevisbyrde skal gjelde og medlemsstatene skal sikre prosedyrer for at enhver kan ivareta sine rettigheter. Organisasjoner og andre juridiske personer skal kunne engasjeres i rettslige prosedyrer for å sikre etterlevelsen av direktivet. Ved brudd på rettighetene skal sanksjoner kunne ilegges. Disse skal være effektive, stå i et rimelig forhold til overtredelsen, og ha en avskrekkende virkning.

Direktivets artikkel 5 omhandler bruk av kjønn som faktor ved beregning av premier og ytelser i forbindelse med forsikring og lignende finansielle ytelser. Artikkelens første ledd oppstiller et forbud mot bruk av kjønn som faktor i alle nye kontrakter som er inngått etter den 21. desember 2007. Artikkelens andre ledd oppstiller et unntak fra forbudet i første ledd. En forutsetning for at et slikt unntak kan benyttes er at det kan dokumenteres at kjønn er en vesentlig forklaringsvariabel for forsikringsrisikoen. Det er videre en forutsetning for å benytte dette unntaket at medlemsstaten underretter Kommisjonen og sikrer at data som er relevante for bruken av kjønn som en avgjørende aktuariemessig innsatsfaktor, innsamles, offentliggjøres og ajourføres regelmessig. Etter fem år tar Kommisjonen medlemsstatens beslutning opp til revisjon. Artikkelens tredje ledd forbyr forskjellsbehandling i enkeltper-

soners premier og ytelser i forbindelse der omkostninger knyttet til graviditet og moderskap brukes som faktor i beregningsgrunnlaget.

Det følger av direktivets forale pkt. 19 at artikkelens annet ledd om unntak bare kan benyttes hvis den nasjonale lovgivningen ikke allerede har anvendt den kjønnsnøytrale regelen.

Direktivet er et minimumsdirektiv og medlemsstatene kan opprettholde eller innføre gunstigere bestemmelser. Gjennomførelse av direktivet i nasjonal lovgivning, skal ikke medføre svekkelse av allerede eksisterende vilkår pågjeldende område i medlemsstaten.

Fristen for gjennomføring av direktivet i nasjonal rett er 30. juni 2010.

4 EØS-komiteens beslutning

Ifølge EØS-komiteens beslutning nr. 147 av 4. desember 2009 av skal EØS-avtalens vedlegg XVIII endres.

Artikkel 1 slår fast at rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester skal innlemmes i EØS-avtalens vedlegg XVIII som nytt punkt 21 c.

Artikkel 2 fastsetter at teksten til direktivet på islandske og norsk, som vil bli kunngjort i EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende, skal anses gyldig.

Artikkel 3 slår fast at beslutningen trer i kraft 5. desember, forutsatt at EØS-komiteen

har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkel 103 nr. 1.

Artikkel 4 bestemmer at beslutningen skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*.

5 Forholdet til norsk rett

Lov om likestilling mellom kjønnene (likestillingsloven) har til hensikt å fremme likestilling mellom kjønnene og tar særlig sikte på å bedre kvinnens stilling.

Etter forsikringsvirksomhetsloven skal forsikringsselskapene påse at selskapets premier vil stå i rimelig forhold til den risiko som selskapet overtar. Dersom det foreligger statistiske og aktuariemessige data som blant annet viser at risikoen er vesentlig forskjellig for kvinner og menn, skal forsikringsselskapene derfor som utgangspunkt benytte kjønn som faktor ved beregning av premie. Innen livsforsikring beregnes premie ut fra faktorer som antatt

levealder og uførerisiko, som er ulik for kvinner og menn.

Forsikringsvirksomhetsloven antas her å være i samsvar med kravene i unntaksbestemmelsen som er gitt i direktivets artikkel 5, om at kjønn kan benyttes som faktor ved premieberegning dersom den er en vesentlig forklaringsvariabel for forsikringsrisikoen. Men for å sikre at det ikke er tvil om at bruk av kjønn som beregningsfaktor i livsforsikring fortsatt skal være tillatt etter norsk rett, jf. unntaksbestemmelsen i direktivet, vil det bli foreslått å ta inn en eksplisitt bestemmelse i forsikringsvirksomhetsloven om dette.

Finansdepartementet vil fremme en egen Proposisjon til Stortinget med de nødvendige endringer i forsikringsvirksomhetsloven.

6 Økonomiske og administrative konsekvenser

Det er ikke ventet at gjennomføring av direktivet vil medføre administrative eller økonomiske konsekvenser av betydning.

7 Konklusjon og tilråding

Innlemmelse av direktivet om likebehandling av menn og kvinner ved tilgang til varer og tjenester i EØS-avtalen vil bidra til å styrke arbeidet med å fremme likebehandling av kvinner og menn.

Barne- og likestillingsdepartementet tilrår på denne bakgrunn at Norge godkjenner beslutningen i EØS-komiteen om å innlemme rådsdirektiv 2004/113/EF av 13. desember 2004 om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester. Utenriksdepartementet slutter seg til dette.

Utenriksdepartementet

tilrår:

At Deres Majestet godkjenner og skriver under et fremlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv 2004/114/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester.

Vi **HARALD**, Norges Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjøre vedtak om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/114/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester, i samsvar med et vedlagt forslag.

Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester

Forslag

til vedtak om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester

I

Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester.

Vedlegg 1

Avgjerd i EØS-komiteen nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 98, og på følgjande bakgrunn:

1. Vedlegg XVIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 51/2009 av 24. april 2009¹.
2. Rådsdirektiv 2004/113/EF av 13. desember 2004 om gjennomføring av prinsippet om lik handsaming av kvinner og menn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester² skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XVIII til avtala etter nr. 21b (europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/54/EF) skal nytt nr. 21c lyde:

«21c. **32004 L 0113** : Rådsdirektiv 2004/113/EF av 13. desember 2004 om gjennomføring av prinsippet om lik handsaming av kvinner og menn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester (EUT L 373 av 21.12.2004, s. 37).

Direktivets bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgende tilpasning:

I artikkel 5 og 17 skal henvisningene til «21. desember 2007» forstås som «30. juni 2010».

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2004/113/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 5. desember 2009, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala³.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 4. desember 2009.

For EØS-komiteen

Formann

O. H. Sletnes

Sekretærar for EØS-komiteen

B. Ellertsdóttir

L-O. Hollner

Felles fråsegn frå avtalepartane i samband med avgjerd nr. 147/2009 om innlemming av direktiv 2004/113/EF i avtala

«Direktiv 2004/113/EF er basert på artikkel 13 i EF-traktaten som er innført gjennom Amsterdam-traktaten og ikkje vert gjenspegla i EØS-avtala. Innlemminga av direktiv 2004/113/EF i EØS-avtala rører ikkje ved omfanget av EØS-avtala.»

¹ TEU L 162 av 25.6.2009, s. 32, og EØS-tillegget til TEU nr. 33 av 25.6.2009, s. 21.

² TEU L 373 av 21.12.2004, s. 37.

³ Forfatningsrettslege krav oppgjjevne.

Vedlegg 2

Rådsdirektiv 2004/113/EF av 13. desember 2004 om gjennomføring av prinsippet om lik handsaming av kvinner og menn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 13 nr. 1,
med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,
med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet¹,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet²,
med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet³ og ut frå desse synsmåtene:

1. I samsvar med artikkel 6 i traktaten om Den europeiske unionen er Unionen grunnlagd på prinsippa om fridom, demokrati, respekt for menneskerettane og dei grunnleggjande fri-dommane og prinsippet om rettsstaten, prinsipp som er felles for medlemsstatane, og respekterer dei grunnleggjande rettane slik dei er sikra av Den europeiske konvensjonen for vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fri-dommane og slik dei følgjer av dei konstitusjonelle tradisjonane som er felles for medlemsstatane som allmenne prinsipp for fellesskapsretten.
2. Retten til likskap for lova og vern mot skilnadshandsaming for alle personar er ein allmenn rett som er sannkjend i den allmenne fråsegna om menneskerettar, i konvensjonen til Dei sameinte nasjonane om avskaffing av alle former for diskriminering av kvinner, i den internasjonale konvensjonen om avskaffing av alle former for rasediskriminering og i konvensjonane til Dei sameinte nasjonane om sivile og politiske rettar og om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, og i den europeiske konvensjonen om

vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fri-dommane, som alle medlemsstatane har underteikna.

3. Samstundes som skilnadshandsaming vert forbode, er det viktig å respektere andre grunnleggjande rettar og fri-dommar, medrekna vern av privat- og familielivet og transaksjonar som finn stad innanfor ei slik ramme, i tillegg til religionsfridom.
4. Likestilling mellom menn og kvinner er eit grunnleggjande prinsipp i Den europeiske unionen. Etter artikkel 21 og 23 i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar er all skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn forboden, og retten til lik handsaming av menn og kvinner skal sikrast på alle område.
5. I artikkel 2 i traktaten er det fastsett at fremjing av slik likestilling er ei av dei grunnleggjande oppgåvene til Fellesskapet. Likeins krev artikkel 3 nr. 2 i traktaten at Fellesskapet skal ta sikte på å avskaffe ulikskapar og fremje likestilling mellom menn og kvinner i all verksemda si.
6. I meldinga si om den sosialpolitiske dagsordenen slo Kommisjonen fast at han ville gjere framlegg til eit direktiv om skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn utanfor arbeidsmarknaden. Eit slikt framlegg er fullt ut i samsvar med rådsvedtak 2001/51/EF av 20. desember 2000 om iverksetting av et fellesskapshandlingsprogram med hensyn til Fellesskapets strategi for likestilling mellom kvinner og menn (2001-2005)⁴, som omfattar all fellesskapspolitikk og tek sikte på å fremje likestilling mellom menn og kvinner ved å tilpasse denne politikken og gjennomføre praktiske tiltak for å betre situasjonen for menn og kvinner i samfunnet.
7. Under møtet sitt i Nice 7.–9. desember 2000 oppmoda Det europeiske rådet Kommisjonen

¹ Fråsegn gjeven 30. mars 2004 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

² TEU C 241 av 28.9.2004, s. 44.

³ TEU C 121 av 30.4.2004, s. 27.

⁴ TEF L 17 av 19.1.2001, s. 22.

- om å styrkje dei rettane som er knytte til likestilling, ved å vedta eit framlegg til eit direktiv om fremjing av likestilling mellom kvinner og menn på andre område enn ved tilsetjing og i yrkesverksemd.
8. Fellesskapet har vedteke ei rekkje juridiske verkemiddel for å hindre og motkjempe skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn på arbeidsmarknaden. Desse verkemidla har vist kor viktig det er med regelverk for å motkjempe skilnadshandsaming.
 9. Skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, medrekna trakassering og seksuell trakassering, finn òg stad på område utanfor arbeidsmarknaden. Slik skilnadshandsaming kan vere like skadeleg, og verke som ei hindring mot ei fullstendig og vellukka integrering av menn og kvinner i det økonomiske og sosiale livet.
 10. Problema er særleg tydelege når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester. Skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn bør difor førebyggjast og avskaffast på dette området. På same måte som når det gjeld rådsdirektiv 2000/43/EF av 29. juni 2000 om gjennomføring av prinsippet om likebehandling uansett rase eller etnisk opprinnelse⁵ kan dette målet betre nåast ved hjelp av fellesskapsregelverk.
 11. Eit slikt regelverk bør hindre skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester. Varer bør forståast slik det er definert i dei føresegnene i traktaten om Det europeiske fellesskap som gjeld fritt varebyte. Tenester bør forståast slik det er definert i artikkel 50 i den nemnde traktaten.
 12. For å førebyggje skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn bør dette direktivet nyttast både på direkte og indirekte skilnadshandsaming. Direkte skilnadshandsaming ligg føre berre når ein person på grunnlag av kjønn får ei mindre gunstig handsaming enn det ein annan person får i ein tilsvarende situasjon. Ulikskapar mellom menn og kvinner i samband med yting av helsetenester, som skuldast fysiske ulikskapar mellom menn og kvinner, vil t.d. ikkje vere å rekne som situasjonar som kan jamførast, og vil difor ikkje utgjere skilnadshandsaming.
 13. Forbodet mot skilnadshandsaming bør gjelde for personar som leverer varer og yter tenester som er tilgjengelege for ålmenta og er tilgjengelege utanfor privat- og familielivet, og transaksjonar i samband med dette. Forbodet bør ikkje gjelde for medie- eller reklameinnhald, heller ikkje for offentleg eller privat utdanning.
 14. Alle personar har rett til å inngå avtaler, medrekna fridom til å velje avtalepart til ein transaksjon. Ein person som leverer varer eller yter tenester, kan ha ei rekkje subjektive grunnar for valet sitt av avtalepart. Så lenge valet av avtalepart ikkje skuldast kjønnet til denne personen, bør ikkje dette direktivet røre ved den personlege fridommen til å velje avtalepart.
 15. Det finst alt ei rekkje juridiske verkemiddel for gjennomføringa av prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner ved tilsetjing og i arbeidstilhøve. Dette direktivet bør difor ikkje nyttast på dette området. Det same prinsippet gjeld òg for sjølvstendig næringsdrivande i den grad desse er omfatta av eksisterande juridiske verkemiddel. Direktivet bør berre nyttast på forsikringar og pensjonar som er private og frivillige og som ikkje er knytte til arbeidstilhøvet.
 16. Skilnadshandsaming kan godtakast berre dersom slik handsaming kan grunnjevast ut frå eit legitimt mål. Eit legitimt mål kan t.d. vere vern av offer for kjønnsrelatert vald (t.d. ved skiping av krisesenter for personar av eitt kjønn), grunnar som gjeld privatliv og sømd (t.d. ved innlosjering i ein privat heim), fremjing av likestilling mellom kjønna eller av interessene til menn eller kvinner (t.d. frivillige organisasjonar for personar av eitt kjønn), organisasjonsfridom (t.d. medlemskap i private klubbar for personar av eitt kjønn) og tilskiping av idrettsaktivitetar (t.d. idrettsarrangement for personar av eitt kjønn). Alle avgrensingar bør likevel vere føremålstenlege og naudsynte i samsvar med dei kriteria som kan utleiast frå rettspraksisen til Domstolen til Dei europeiske fellesskapa.
 17. Prinsippet om lik handsaming når det gjeld tilgang til varer og tenester inneber ikkje noko krav om at kvinner og menn alltid skal få tilbod om varer og tenester på same måte, så lenge slike tilbod ikkje vert gjevne på meir gunstige vilkår til personar av eitt kjønn.
 18. Bruk av kjønnsspesifikke forsikringsmessige faktorar er vanleg i samband med yting av forsikringstenester og andre tilknytte finansielle tenester. For å sikre lik handsaming av menn og kvinner bør ikkje bruken av kjønn som forsikringsteknisk faktor føre til ulikskapar i premiane og ytingane til einskildpersonar. For å unngå plutslege omleggingar i marknaden bør denne regelen berre nyttast på nye avtaler som er gjorde etter datoen då dette direktivet er innarbeidd i nasjonal lovgjeving.

⁵ TEF L 180 av 19.7.2000, s. 22.

Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester

19. Visse risikokategoriar kan variere mellom kjønna. I nokre tilfelle er kjønn éin av, men ikkje utan vidare den einaste avgjerande faktoren ved vurdering av dei forsikra risikoane. Når det gjeld avtaler om forsikring av denne typen risiko kan medlemsstatane avgjere at dei vil tillate unntak frå regelen om felles premiar og ytingar for begge kjønn, så lenge dei kan sikre at dei underliggjande forsikringstekniske og statistiske opplysningane som utrekningane byggjer på, er pålitelege, vert ajourførde jamleg og er tilgjengelege for ålmenta. Unntak kan berre tillast dersom regelen om felles premiar og ytingar for begge kjønn ikkje alt er vorten nytta i den nasjonale lovgjevinga. Fem år etter at dette direktivet er innarbeidd i nasjonal lovgjeving bør medlemsstatane på nytt vurdere grunngevinga, samstundes som det vert teke omsyn til dei nyaste forsikringstekniske og statistiske opplysningane og til ein rapport som Kommisjonen skal leggje fram tre år etter datoen då dette direktivet vert innarbeidd.
20. Mindre gunstig handsaming av kvinner på grunn av svangerskap og fødsel bør reknast som ei form for direkte skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, og bør difor vere forboden innanfor forsikring og liknande finansielle tenester. Utgifter som gjeld risiko i samband med svangerskap og fødsel bør difor ikkje berre vere knytte til personar av eitt kjønn.
21. Personar som har vore utsette for skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, bør ha eit tilstrekkeleg rettsleg vern. For å gje eit endå betre vernenivå bør samanslutningar, organisasjonar og andre rettssubjekt òg gjevast mynde til å ta del i sakshandsaminga, slik medlemsstatane avgjer, anten på vegner av eller til støtte for eit offer, utan at dette påverkar dei nasjonale rettargangsreglane om representasjon og forsvar i retten.
22. Reglane for provtyngsle må tilpassast når det ligg føre eit klart tilfelle av skilnadshandsaming, og for at prinsippet om likestilling skal kunne nyttast på ein effektiv måte, bør reglane for provtyngsla leggjast over på den innklaga når det ligg føre eit klart tilfelle av skilnadshandsaming.
23. Ei effektiv gjennomføring av prinsippet om lik handsaming krev at det finst eit tilstrekkeleg rettsleg vern mot represaliar.
24. Med sikte på å fremje prinsippet om lik handsaming bør medlemsstatane oppmuntre til dialog med dei partane som det gjeld, som i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis har ei rettkomen interesse av å medverke til å motkjempe skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester.
25. Vernet mot skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn bør styrkjast ved at det i kvar medlemsstat finst eitt eller fleire organ som har kompetanse til å analysere dei aktuelle problema, granske moglege løysingar og gje konkret hjelp til ofra. Desse organa kan vere dei same som dei som på nasjonalt plan har til oppgåve å trygge menneskerettane eller rettane til einskildpersonar, eller å gjennomføre prinsippet om lik handsaming.
26. I dette direktivet er det fastsett minstekrav, noko som gjer det mogleg for medlemsstatane å innføre eller halde ved lag meir føremålstenlege føresegner. Gjennomføringa av dette direktivet bør ikkje nyttast til å grunnkje tilbakeleg i høve til den noverande situasjonen i kvar medlemsstat.
27. Medlemsstatane bør fastsetje sanksjonar som er verknadsfulle, svarar til brotet og kan hindre nye brot på dei pliktene som er fastsette i medhald av dette direktivet.
28. Ettersom måla for dette direktivet, som er å sikre eit felles høgt nivå for vern mot skilnadshandsaming i alle medlemsstatane, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og difor på grunn av omfanget og verknadene av det framlagde tiltaket betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
29. I samsvar med nr. 34 i den tverrinstitusjonelle avtala om betre regelverksutforming⁶ vert medlemsstatane oppmuntra til, både for sitt eige føremål og i interessa til Fellesskapet, å utarbeide og offentleggjere eigne tabellar, som i størst mogleg grad viser samanhengen mellom dette direktivet og innarbeidingstiltaka –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Kapittel I

Allmenne føresegner

Artikkel 1

Mål

Målet for dette direktivet er å fastsetje ei ramme for

⁶ TEU C 321 av 31.12.2003, s. 1.

motkjemping av skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester, med sikte på at medlemsstatene skal setje i verk prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner.

Artikkel 2

Definisjonar

I dette direktivet tyder:

- a) «direkte skilnadshandsaming» at ein person på grunnlag av kjønn får ei mindre gunstig handsaming enn det ein annan får, har fått eller ville ha fått i ein tilsvarende situasjon,
- b) «indirekte skilnadshandsaming» at når ei fråsegn, eit kriterium eller ein praksis som alle verkar nøytrale å sjå til, kan vere til særleg ulempe for personar av eitt kjønn sett i høve til personar av det andre kjønn, med mindre føresegna, kriteriet eller praksisen kan grunngjevast med objektive faktorar ut frå eit legitimt mål, og midla for å nå dette målet er føremålstenlege og naudsynte,
- c) «trakassering» at uønskt åtferd som har samband med kjønn til ein person, finn stad og har som føremål eller verknad å krenkje verdet til ein person og skape eit trugande, fiendtleg, nedverdiggande, audmjukande eller utriveleg miljø,
- d) «seksuell trakassering» at alle former for uønskt verbal, ikkje-verbal eller fysisk åtferd av seksuell art som har som føremål eller verknad å krenkje verdet til ein person og skape eit trugande, fiendtleg, nedverdiggande, audmjukande eller utriveleg miljø.

Artikkel 3

Verkeområde

1. Innanfor rammene av den avgjerdsmakta som ligg på Fellesskapet skal dette direktivet nyttast på alle personar som leverer varer og tenester som er tilgjengelege for ålmenta, utan omsyn til den personen som det gjeld, både innanfor offentleg og privat sektor, medrekna offentlege organ, og som er tilgjengelege utanfor privat- og familielivet, og på transaksjonar i samband med dette.
2. Dette direktivet skal ikkje røre ved den personlege fridommen til å velje avtalepart, så lenge eit slikt val ikkje finn stad på grunnlag av kjønn til avtaleparten.
3. Dette direktivet skal ikkje nyttast på medieinnhald, reklame og utdanning.

4. Dette direktivet skal ikkje nyttast på saker som gjeld tilsetjing og arbeidstilhøve. Dette direktivet skal ikkje nyttast på saker som gjeld sjølvstendig næringsverksemd, i den grad slike saker er omfatta av anna fellesskapsregelverk.

Artikkel 4

Prinsippet om lik handsaming

1. I dette direktivet tyder prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner at:
 - a) det skal ikkje finne stad direkte skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, medrekna mindre gunstig handsaming av kvinner på grunn av svangerskap og fødsel,
 - b) det skal ikkje finne stad indirekte skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn.
2. Dette direktivet rører ikkje ved meir gunstige føresegner om vern av kvinner, særleg i samband med svangerskap og fødsel.
3. Trakassering og seksuell trakassering slik det er definert i dette direktivet, skal reknast som skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, og er difor forbode. Det at ein person avviser eller lèt vere å reagere mot slik handsaming, kan ikkje nyttast som grunnlag for ei avgjerd som gjeld denne personen.
4. Instruksar om at nokon skal utsetjast for direkte eller indirekte skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, skal reknast for å vere skilnadshandsaming slik det er definert i dette direktivet.
5. Dette direktivet skal ikkje utelukke ulik handsaming dersom levering av varer og yting av tenester utelukkande eller først og fremst til personar av eitt kjønn kan grunngjevast med eit legitimt mål, og midla for å nå dette målet er føremålstenlege og naudsynte.

Artikkel 5

Forsikringstekniske faktorar

1. Medlemsstatane skal syte for at i alle nye avtalar som vert gjorde etter 21. desember 2007, skal bruken av kjønn som ein faktor i utrekninga av premiar og ytingar i samband med forsikring og tilhøyrande finansielle tenester, ikkje føre til ulikskapar i premiane og ytingane til einskildpersonar.
2. Utan omsyn til nr. 1 kan medlemsstatane innan 21. desember 2007 avgjere om dei vil tillate høvesvis ulikskapar i premiane og ytingane til einskildpersonar i tilfelle der kjønn, på grunnlag av relevante og nøyaktige forsikringstekniske

Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester

og statistiske opplysningar, er ein avgjerande faktor ved vurderinga av risiko. Dei medlemsstatane som det gjeld, skal melde frå til Kommisjonen og syte for jamleg innsamling, offentliggjerings og ajourføring av nøyaktige opplysningar som er relevante for bruken av kjønn som ein avgjerande forsikringsteknisk faktor. Desse medlemsstatane skal revidere avgjerda si fem år etter 21. desember 2007, samstundes som dei tek omsyn til den rapporten frå Kommisjonen som er nemnd i artikkel 16, og skal sende over resultata av denne revisjonen til Kommisjonen.

3. Utgifter som er knytte til svangerskap og fødsel, skal under ingen omstende føre til ulikskapar i premiane og ytingane til einskildpersonar.

Medlemsstatane kan utsetje gjennomføringa av dei tiltaka som er naudsynte for å etterleve dette nummeret, til seinast to år etter 21. desember 2007. I dette tilfellet skal dei medlemsstatane som det gjeld, straks melde frå til Kommisjonen.

Artikkel 6

Positive tiltak

For å sikre full likestilling mellom menn og kvinner i praksis, skal prinsippet om lik handsaming ikkje vere til hinder for at ein medlemsstat kan halde ved lag eller vedta særlege tiltak for å hindre eller kompensere for ulemper knytte til kjønn.

Artikkel 7

Minstekrav

1. Medlemsstatane kan innføre eller halde ved lag føresegnar som er meir gunstige for vernet av prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner, enn dei føresegnene som er fastsette i dette direktivet.
2. Gjennomføringa av dette direktivet skal under ingen omstende vere eit grunnlag for å redusere det nivået for vern mot skilnadshandsaming som alt finst i medlemsstatane på dei områda som er omfatta av dette direktivet.

Kapittel II

Klagerett og handheving

Artikkel 8

Forsvar av rettar

1. Medlemsstatane skal syte for at alle som meiner at dei har lidd urett fordi prinsippet om lik handsaming ikkje er vorte nytta i deira tilfelle,

har høve til rettargang og/eller forvaltingsmessig handsaming, medrekna eventuelt framgangsmåtar ved mekling, for å sikre at pliktene i medhald av dette direktivet vert handheva, sjølv etter at tilhøvet der skilnadshandsaminga skal ha funne stad, har teke slutt.

2. Medlemsstatane skal innføre i den nasjonale rettsskipnaden sin dei tiltaka som er naudsynte for å sikre ei faktisk og verknadsfull skadebot eller godtgjerings etter nærmare reglar som medlemsstatane fastset, for det tapet og den skaden som ein person er påført som følge av skilnadshandsaming slik det er definert i dette direktivet, på ein måte som er avskrekkande og står i høve til den skaden som er lidd. Fastsetjinga på førehand av ei øvre grense skal ikkje avgrense ei slik skadebot eller godtgjerings.
3. Medlemsstatane skal syte for at samanslutningar, organisasjonar og andre rettssubjekt som i samsvar med dei kriteria som er fastsette i nasjonal lovgjeving, har ei rettkomen interesse av å sikre at føresegnene i dette direktivet vert stetta, kan gå inn anten på vegner av eller til støtte for klagaren og med godkjenning frå han eller henne, i all rettargang og/eller forvaltingsmessig handsaming for å sikre at pliktene i medhald av dette direktivet vert handheva.
4. Nr. 1 og 3 skal ikkje røre ved dei nasjonale reglane for fristar for å reise søksmål som er knytte til prinsippet om lik handsaming.

Artikkel 9

Provtynsle

1. Medlemsstatane skal i samsvar med det nasjonale rettssystemet gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at det ligg på den innklaga å prove at prinsippet om lik handsaming ikkje er vorte brote når personar som meiner at dei har lidd urett fordi prinsippet om lik handsaming ikkje er vorte nytta i deira tilfelle, legg fram for ein domstol eller ei anna ansvarleg styresmakt opplysningar om dei faktiske tilhøva som gjev grunn til å tru at direkte eller indirekte skilnadshandsaming har funne stad.
2. Nr. 1 skal ikkje hindre medlemsstatane i å innføre reglar for provføring som er gunstigare for klagaren.
3. Nr. 1 skal ikkje nyttast på straffesaker.
4. Nr. 1, 2 og 3 skal òg nyttast på saker som vert lagde fram i samsvar med artikkel 8 nr. 3.
5. Medlemsstatane kan avstå frå å nytte nr. 1 i saker der det ligg på domstolen eller eit anna ansvarleg organ å granske dei faktiske tilhøva.

Artikkel 10

Vern mot represalier

Medlemsstatane skal i rettsordenen sin innføre dei tiltaka som er naudsynte for å verne personar mot ugunstig handsaming eller ugunstige følgjer, som reaksjon på ei klage eller på rettslege steg som tek sikte på å sikre at det er samsvar med prinsippet om lik handsaming.

Artikkel 11

Dialog med partane som det gjeld

Med sikte på å fremje prinsippet om lik handsaming skal medlemsstatane oppmuntre til dialog med dei partane som det gjeld, som i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis har ei rettkomen interesse av å medverke til å motkjempe skilnads-handsaming på grunnlag av kjønn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester.

Kapittel III

Organ som skal fremje lik handsaming

Artikkel 12

1. Medlemsstatane skal peike ut eitt eller fleire organ som skal fremje, analysere, overvake og støtte lik handsaming av alle personar utan skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, og leggje tilhøva til rette for dette. Desse organa kan vere ein del av organ som på nasjonalt plan har til oppgåve å tryggje menneskerettane eller rettane til einskildpersonar, eller å gjennomføre prinsippet om lik handsaming.
2. Medlemsstatane skal syte for at dei organa som er nemnde i nr. 1, òg har kompetanse til å:
 - a) hjelpe offer for skilnadshandsaming på ein uavhengig måte i samband med klager på skilnadshandsaming, utan at det rører ved rettane til offer og til samanslutningar, organisasjonar eller andre rettssubjekt som er nemnde i artikkel 8 nr. 3,
 - b) gjennomføre uavhengige granskingar om skilnadshandsaming,
 - c) offentliggjere uavhengige rapportar om og gje tilrådingar i spørsmål om skilnadshandsaming.

Kapittel IV

Slutføresegner

Artikkel 13

Etterleving

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at prinsippet om lik handsaming vert etterlevd når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester innanfor verkeområdet for dette direktivet, og særleg at:

- a) alle lover og forskrifter som er i strid med prinsippet om lik handsaming, vert oppheva,
- b) alle avtaleføresegner, interne reglar i føretak og vedtekter for organisasjonar som driv næringsverksemd eller for ideelle organisasjonar, vert eller kan verte sette ut av kraft eller endra.

Artikkel 14

Sanksjonar

Medlemsstatane skal fastsetje reglar om kva sanksjonar som skal nyttast på brot på dei nasjonale føresegnene som vert vedtekne i medhald av dette direktivet, og skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at desse sanksjonane vert nytta. Sanksjonane, som kan omfatte betaling av skadebot til offeret, skal vere verknadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot. Medlemsstatane skal melde frå til Kommisjonen om desse føresegnene innan 21. desember 2007, og straks melde frå om alle seinare endringar som gjeld desse føresegnene.

Artikkel 15

Spreiing av opplysningar

Medlemsstatane skal syte for at dei føresegnene som vert vedtekne i medhald av dette direktivet, saman med dei relevante føresegnene som alt har teke til å gjelde, på best eigna måte vert gjorde kjende i heile territoriet deira for alle dei personane som det gjeld.

Artikkel 16

Rapportering

1. Medlemsstatane skal innan 21. desember 2009 og deretter kvart femte år sende Kommisjonen alle tilgjengelege opplysningar om bruken av dette direktivet. Kommisjonen skal utarbeide ein samandragsrapport som skal innehalde ei oversikt over gjeldande praksis i medlemsstatane i høve til artikkel 5 med omsyn til bruken av kjønn som ein faktor ved utrekning av premiar

Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 147/2009 av 4. desember 2009 om innlemmelse i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2004/113/EF om likebehandling av kvinner og menn ved tilgang til varer og tjenester

og ytingar. Han skal sende over denne rapporten til Europaparlamentet og Rådet seinast 21. desember 2010. Kommisjonen skal eventuelt leggje ved rapporten sin framlegg til endring av direktivet.

2. Rapporten frå Kommisjonen skal ta omsyn til synspunkta frå dei partane som det gjeld.

Artikkel 17

Innarbeiding i nasjonal lovgjeving

1. Medlemsstatane skal innan 21. desember 2007 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 18

Iverksetjing

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 19

Adressatar

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærda i Brussel, 13. desember 2004.

For Rådet
B. R. BOT
Formann